

Referat FAU 02.09.2019

Sak 1 – vedtekter

FAU opprettholdes som foreldredrevet, men at rektor kaller inn til møte.

Antall møter endres fra 5 til 4 møter.

Kjønnskvotering – det skal oppfordres til at det velges en mann og en dame som klassekontakter.

Sak 2 – konstituering av FAU

Leder – Signe Marie Svalastog / vara Ragnar Aarak

Nest leder – Katrin Houthuizen / vara Inge Saga

Sekretær – Ann Kristin Kåsi

Generelt:

Viktig å engasjere foreldre i god tid før FAU-møtene, sånn at gode innspill kommer tidlig.

Første FAU-møte bør styres utenom Polen-tur i september. For 2020 ser det ok ut med møte i starten av september.

Sak 3 – orientering om skolens arbeid for et godt psykososialt miljø

Rektor orienterte om viktigheten og regelverket. Saker om mobbing/elever som ikke har det bra, skal meldes fra til kontaktlærer/rektor. Da skal det gjøres tiltak innen 5 dager. Dette skal være første prioritet.

Sak 4 – Liv og rør – prosjektet – orientering fra rektor

Prosjektet skal bidra til mer fysisk aktivitet i skolen, 1 time om dagen. Ansatte på skolen har vært på kurs og de er veldig motiverte til å jobbe med dette, både på skole og SFO.

Sak 5 – Arbeid med plan for heim-skolesamarbeid

Rektor viste til skjema som klassekontakter skal ta opp på første foreldremøte. Skjema skal returneres til prosjektgruppe som skal jobbe med dette i høst. Fra skolen skal Reidun, Julia og Linda sitte i prosjektet, fra FAU skal Roy Åge Homme, Camilla Tveit og Aud Skårdal være med. Rektor kaller inn til møte.

Sak 6 – info om bruker undersøkelser for høst

I år blir det undersøkelser for 7. og 10. klasse

Sak 7 - Møteplan

4 møter for 2019/2020 – november, mars og mai

Sak 8 - Utdeling av brosjyre fra fug.no /

Sak 9 – Utdeling av årshjul

Sak 10 – innstill til budsjett

Polentur/tematur – det bør tas opp på foreldremøte om man ønsker å ha med lærer. I så fall må dette tas med i budsjettet for kommende år. Dette må opp på neste FAU-møte.

Sak 11 – Eventuelt

Det oppleves at sentrumsordning for 10. klasse ikke blir helt som ønsket. Det bør komme en uttalelse fra FAU vedr dette og det tas opp på neste møte.

Språkbruk – det er et veldig tøft språkbruk på skolen, både på mellomtrinnet og ungdomsskolen.

Dette må diskuteres i FAU – hvordan skal vi samarbeid for å hindre dette.

Referent

Ann Kristin Kåsi, 3. september 2019

VEDTEKTER FOR FAU VED TVEIT SKULE/ NISSEDAL UNGDOMSSKULE

Revidert og vedteke av FAU den 02.09.19

§ 1 NAMN

Foreiningas namn er FAU, Tveit skule/Nissedal ungdomsskule (Foreldrearbeidsutvalet).

§ 2 FØREMÅL

FAU er heimla i Opplæringslova § 11-4. FAU, Tveit skule/Nissedal ungdomsskule sitt føremål er å fremje fellesinteressene til foreldrerådet og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samarbeid mellom heimen og skulen/SFO, og leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen/SFO og lokalmiljøet.

§ 3 MEDLEMMAR

Alle foreldre ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er medlemmar i foreldrerådet. FAU er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU, ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, skal vera samansett av 2 valde FAU-representantar frå kvar klasse. Klassene blir oppmoda til å velje ein representant av kvart kjønn.

Funksjonstida til FAU fylgjer skuleåret (august til juli) og FAU-representantane frå dei ulike klassene veljast på foreldremøte. FAU-representantane veljast for 2 år om gongen. FAU-representantane kan ta attval.

§ 4 KONSTITUERING

FAU konstituerer seg sjølve med leiar, nestleiar og sekretær/webansvarleg på det fyrste FAU-møtet som vert halde om hausten, og dei sit i valde verv for 1 år om gongen.

Rektor kallar inn til 1.FAU-møtet på hausten.

§ 5 OPPGÅVER

FAU sine oppgaver er å:

Halde møter i FAU.

Lage ei komplett kontaktliste over FAU-representantane (med namn, trinn, funksjon i FAU og e-post), og halde denne oppdatert. Dette blir lagt ut på kommunen si heimeside.

Informere FAU-representantane om deira arbeidsoppgåver knytta til trinnet og i FAU. Dette gjerast på fyrste FAU-møtet på hausten.

Bidra til eit godt samarbeid mellom FAU og skule/SFO.

Kalle inn til eventuelle temamøte eller ulike arrangement i regi av FAU.

Stille med to representantar i Samarbeidsutvalet, leiar og nestleiar i FAU.

§ 6 MØTER OG STEMMEGIVNING

FAU har møte 4 gonger pr. skuleår og elles når leiar finn det naudsynt eller når minst 3 av medlemmane krev det. Møteinnkalling skal skje skriftleg. FAU-møta skal så langt som råd vere 1.måndag i månadene september, november, mars og mai.

Referat skal førast for alle møte av vald sekretær. Referatet skal sendast til FAU-leiar som skal distribuere referatet. Fyrste sak på komande FAU-møte skal vere gjennomgang av referatet frå sist FAU møte og eventuelle merknader til dette. FAU-leiar har, saman med sekretæren, ansvar for at godkjend referat vert gjort tilgjengeleg for alle føresette ved skulen og til skuleadministrasjonen ved at det vert publisert på heimesida til kommunen.

Ved avstemming gjeld prinsippet om simpelt fleirtal. Ved likt tal på stemmer har utvalet sin leiar dobbeltstemme. I større saker skal sakene presenterast på innkalling som eiga sak, og med alternative val presentert.

§ 7 REPRESENTANTAR I SU

FAU har 2 representantar i SU (samarbeidsutvalet) ved skulen, leiar og nestleiar, samt to personlege vararepresentantar. Desse 4 personane skal veljast på fyrste FAU-møte om hausten. Leiar i FAU er nestleiar i SU.

Representantane er vald inn i SU for 1 år om gongen.

§ 8 MYNDIGHET, SIGNATURRETT OG VERKEOMRÅDE

FAU er eit rådgjevande organ for skule/SFO, SU og nærmiljø. Det er ikkje mogleg for FAU å fatte vedtak som instruerer skulen/SFO, SU eller nærmiljø, men ein kan nytte vedtak til å leggje føringar på nemnte.

Nestleiar har ansvar for bevertning på FAU møta. Nestleiar disponerer inntil kr.1000 kvart skuleår til dette.

FAU skal generelt ikkje involvere seg i personalsaker, disiplinærsaker og liknande enkeltsaker.

Leiar, saman med anten nestleiar eller sekretær, har signaturrett i fellesskap.

§ 9 TEIEPLIKTA

Foreldrerepresentantane er automatisk underlagt teieplikta. FAU skal ikkje handsame saker som omhandlar enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller skulens tilsette.

§ 10 KONFLIKTAR I FAU

FAU skal vere eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgde for ulike meiningar og rom for diskusjon i FAU. Om det skulle oppstå konflikthar, må representantane halde seg saklege og ha alle elevane i sentrum. Eventuelle konflikthar avgjerast ved stemmegiving. Alle må etter stemmegiving rette seg etter resultatet av denne, og syne respekt for det som vert bestemt.

§ 11 REKTORS ROLLE

Rektor kallar inn til fyrste FAU-møte kvar haust. Rektor møter elles i FAU på førespurnad/innkalling frå FAU, eller ved eige ynskje/behov.

§ 12 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektene for FAU, Tveit skule/Nissedal ungdomsskule kan endrast av representantane i FAU med 2/3-dels fleirtal og når minst halvparten av FAU er tilstade. Dette skal meldast som eiga sak på innkalling, med presentasjon av forslag til vedtektsendringar.

FAU-leiar pliktar å sjå til at vedtektene vurderast for revidering minst annankvart år.

§ 13 IVERKSETTING

Vedtekne vedtekter skal setjast i verk frå FAU den 01.08.2017.

Vedtektene er oppretta og vedteke:

Tveit skule/Nissedal ungdomsskule den 22.05.2017

Revidert og vedteke:

Tveit skule/Nissedal ungdomsskule den 02.09.2019

Årshjul FAU – Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

September:

- Konstituering av FAU og val av medlemmar og vara til SU og SMU. (Leiar og nestleiar av FAU er faste medlem i desse gruppene. Må velgast vara i tillegg)
- Orientering om skulen sitt arbeid for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og opplæringslovas § 9a. Plan og rutinar blir lagt fram.
- Plan for brukarmedverknad leggst fram.
- Informasjon om brukarundersøkingane den hausten
- Møteplan for skuleåret
- Utdeling av brosjyre frå fug.no "Medlem av FAU" + info om FAU sitt mandat
- Utdeling av årshjul
- Innspel budsjett

November:

- Informasjon om utviklingsarbeid på skulen
- Evaluering av storforeldremøte som var i haust. Innspel til neste haust?
- Trafikksikringsplanen leggst fram
- Resultat Nasjonale prøver
- Trafikksikringsplanen
 - Bli kjent med trafikksikringsarbeidet
 - Innspel på trafikkfarlege stader

Januar:

- Uttale for revidering av ordensreglement
- Uttale – skuleruta for komande skuleår

Mars:

- Resultat av brukarundersøkingane
- Innspel budsjett neste år

Mai:

- Resultat frå vernerunda
- Bemanning neste skuleår

Veka før kvart FAU møte blir det opplyst på vekeplanane på alle steg om høve til å kome med innspel til saker via klassekontakt eller direkte til rektor.